



## Årsmøte i Stokkenes Golfpark BA for sesongen 2008

Årsmøtet vart halde på Stokkenes Gjestegård, fredag 30.01.2009 frå kl 20:00 til 21:00  
Det var totalt 16 frammøtte. Frå styret møtte Kent Tryggestad, Knut Rønnestad, Helge  
Haugland, Agnar Kvalsund og grunneigarane Svein Fjørtoft og Gitta ter Stege. Årsmøte-  
deltakarane vart ynskete velkomen av styreformann Kent Tryggestad.

### Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.
2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.
3. Styret si årsmelding.
4. Rekneskap og budsjett.
5. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar
6. Planlegging av 10 års jubileum i Nordfjord golfklubb
7. Val av leiar.
8. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar
9. Eventuelt.

## Protokoll for Nordfjord GK

### 1. Godkjenning av innkalling og dagsorden.

Innkalling til årsmøte og sakliste var annonsert i rett tid før årsmøtedato i Fjordabladet. I tillegg var saklista lagt ut på Nordfjord GK sine nettsider. Ingen hadde merknader til innkalling og dagsorden.

Vedtak: Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjend

### 2. Val av møteleiar, referent og 2 medlemar til å skrive under protokollen.

Vedtak: Årsmøtet valde samrøystes:

Møteleiar,	Kent Tryggestad
Referent,	Knut Rønnestad
Protokollunderskriving,	Per Jan Nesbakk og Agnar Kvalsund

### 3. Styret si årsmelding.

Styret si årsmelding vart opplesen av møteleiar.

Vedtak: Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

### 4. Rekneskap og budsjett.

Helge Haugland presentere rekneskapet for sesongen 2008 og budsjett for sesongen 2009.

Vedtak: Rekneskapen for 2008 og budsjett for sesongen 2009 vart samrøystes godkjend av årsmøtet.



## **5. Regulering av: kontingent, greenfee årskort og baneandelar.**

Regulering av medlemskontingent, greenfee og greenfee årskort vart handsama under årsmøte i Nordfjord Golfklubb.

Vedtak: Årsmøtet vedtok å la baneandelane stå uendra.

## **6. Planlegging av 10 års jubileum i Nordfjord golfklubb**

Sak nr. 6 vart handsama under årsmøtet til Nordfjord Golfklubb

## **7. Val av leiar.**

Vedtak: Årsmøtet gjorde samrøystes vedtak om attval av Kent Tryggestad.

## **8. Val av styremedlemar, varamedlemar og komitémedlemar**

Valnemnda har bestått av Per Jan Nesbakk og Arild Hjelmeland. Nemnda har gjort ein svært god jobb og valet blei gjennomført utan vanskar.

Vedtak: Følgjande valprotokoll vart samrøystes godkjend av årsmøtet:

### **Valprotokoll for sesongen 2009**

Gruppe	Verv	2004	På val
Styre	Leiar	Kent R. Tryggestad	2010
	Nestleiar	Bodil Rasmussen	2010
	Sekretær	Bjørn Lien	2011
	Kasserar	Helge Haugland	2011
	Medlem	Agnar Kvalsund	2010
	Medlem	Trond kroken	2010
	Vara	Sonja Borhaug	2010
	Medlem/ grunneigar	Svein Fjørtoft	-
	Medlem/ grunneigar	Gitta sas ter Stege	-

## **9. Eventuelt.**

Det vart ikkje handsama saker under eventuelt.

Nordfjordeid, / -2009

Nordfjordeid, / -2009

.....  
Per jan Nesbakk

.....  
Agnar Kvalsund